HELLEVANG
KONTORSYSTEMER A•S
HAFSTADVEGEN 45 • 6800 FØRDE
TELEFAX 57 82 22 53
☎ 57 82 19 33
post@hellevangkontor.no

Vurdering av måla innan klima- og miljøarbeidet

2025

Ein del av våre mål som innkjøp, transport og avfall må sjåast i samanheng med vår omsetning. Ved høgre omsetning vil det automatisk bli meir innkjøp, transport og avfall. Kva type prosjekt, lokasjon ol. har og ein del å sei på resultatet av vårt klima- og miljøarbeid.

Omsetning og årsverk:
I 2025 hadde vi ein nedgang på 22% i omsetnad i forhold til 2024. Antall årsverk var på 3 stk. Samme som 2024.

Innkjøp:
- Registrert alt av innkjøp på sertifiserte og usertifiserte leverandørar.
- Har sendt ut skjema om «eigenrapportering av bedriftas sitt samfunnsansvar» til våre vesentlige leverandørar. Der vi stiller tydelige krav til sertifisering osv.
- Tilbydd så langt som mogleg og oppfordra/påvirka våre kundar til å handle produkt frå sertifiserte leverandørar.

I 2025 hadde vi igjen ein liten auke av vesentlege leverandørar som har eit sertifisert miljøledelsessystem. Vi har hatt fokus på å handle våre produkt der og dermed fått ein oppgang frå 82,9% til 88,53%.

Avfall og ombruk:
- Har hatt fokus på å handle mest mogleg frå vår hovudleverandør som leverer varene innpakka i pledd, som blir tatt i retur og brukt på nytt.
- Gjort det same ved levering til våre kundar.
- Sortert alt av avfall
- Sendt mest mogleg elektronisk og behovsvurdert alt av utskrifter ol.

Vi rakk ikkje vårt mål på 98% sorteringsgrad i år heller, men for kvart år nærmar vi oss. Har no ein sorteringsgrad på 97,04%. Har hatt ei jamn auke og må fortsette å sortere mest mogleg.

Energi:
- Registrert vårt straumforbruk kvar månad
- Lys kun i rom som er i bruk.

Vi har hatt eit energiforbruk pr. kvadratmeter på 194,73 kwh. Har hatt ein jamn nedgang dei siste åra. Vi er under målet vårt på 198kwh.

Transport:
- Drivstofforbruket blir registrert pr. bil utfrå faktura frå leverandør. Private bilar blir registrert ut frå køyregodtgjørsle
- Fokus på å levere mest mogleg i same distrikt for å unngå ekstra turar.
- Brukt ein del teams på møter der ein ikkje treng fysisk oppmøte
- Brukt den mest miljøvennlege bilen der det er mogleg.

I forhold til 2024 har vi hatt ein nedgang i køyrte kilometer.

Arbeidsmiljø:
- Registrert alt av sjukefråvær og arbeidsmengde
- Hatt jamnlege personal/styremøter

- Sosiale samankomster og turar
- Sjekka at alle arbeidsplassa er godt tilrettelagt for å unngå unødvendig belastning.

I 2025 hadde vi eit sjukefråvær på 0% som er langt under målet på 0,5%